LANDS FESTIVALEN I GAMMALDANSMUSIKK

Lampeland 2027
4. - 8. august

Kjøpsvilkår og retningslinjer

Landsfestivalen i gammaldansmusikk på Lampeland 4. – 8. august 2027

NB! Ved bestilling i nettbutikken til Landsfestivalen 2027 stadfestar du at du har lese og akseptert desse vilkåra.

Arrangør
Landsfestivalen 2027 på Lampeland ved Tradisjonslaget i Kongsberg trekkspillklubb og Numedal Spel- og dansarlag

Organisasjonsnummer: 935 340 799

Arrangementet vert drive av ein frivillige organisasjon.

Kva kan kjøpast på nettsida:

- Plass for campingvogn, bubil eller telt på festivalcampingen.
- Plass for telt på eigen teltplass nær arenaen.
- Overnatting i klasserom.
- Billettar til tevlingar og konsertar.

Éin billett i systemet svarar til éin plass eller éin billett slik det går fram ved bestilling. Betaling skjer når ein bestiller. Ein kan velgje mellom å betale med Vipps eller kort.

GENERELLE VILKÅR

Avlysing og endringar
Arrangøren tek atterhald om endringar i program, tidspunkt, arena og deltakarar.

- Dersom heile arrangementet vert avlyst, vert kjøpesummen refundert.
- Ved full avlysing av ein einskild konsert eller ei einskild tevling vert kjøpesummen for billett kjøpt særskilt til det aktuelle arrangementet refundert.
- Ved endringar i tevlingsprogrammet, flytting av konsertar, endringar av tidspunkt eller andre programendringar vert kjøpesummen **ikkje refundert**.

Force majeure
Dersom arrangementet må avlysast eller avgrensast på grunn av forhold utanfor arrangøren sin kontroll (til dømes ekstremvêr, offentlege pålegg eller andre uventa hendingar), kan arrangementet avlysast utan ytterlegare erstatningsansvar.

Ansvar
Deltaking skjer på eige ansvar. Arrangøren har ikkje ansvar for tap, skade eller tjuveri av personlege eigedelar på campingområdet, i klasserom eller på arrangementet sitt område.

Deltakar pliktar å rette seg etter pålegg frå arrangør, vakter og offentlege styresmakter.

Brot på reglar
Brot på ordensreglar eller norsk lov kan føre til bortvising utan rett til refusjon.

Angrerett
Det er ikkje angrerett på kjøp av billettar eller overnatting i samband med arrangement på fast dato, jf. angrerettlova § 22 bokstav m. Sjå reglar for avbestilling som følgjer.

Avbestilling og refusjon

1. Overnatting på festivalcampingen, eigen teltplass eller klasserom:

- Frist for avbestilling med rett til refusjon er 20. juli 2027 kl. 23.59
- Avbestilling må sendast skriftleg til bard-vegard@landsfestivalen.no innan den aktuelle fristen.
- Ved avbestilling, uansett tidspunkt, vert det trekt kr 100 per plass i administrasjonsgebyr for festivalcampingen/teltplass og 50 kr per plass for klasseromsovernatting.
- Avbestilling etter fristen krev legeerklæring for refusjon. Legeerklæring må gjelde den personen bestillinga omfattar og må stadfeste at bestillaren ikkje kan gjennomføre opphaldet.

2. Billettar til konsertar og tevlingar

Kjøpte billettar vert ikkje refunderte, med mindre heile arrangementet vert avlyst. Ved full avlysing av ein einskild konsert eller ei einskild tevling vert kjøpesummen for billett kjøpt særskilt til det aktuelle arrangementet refundert.

Personvern
Personopplysningar i samband med bestilling vert behandla i samsvar med gjeldande regelverk. Sjå eiga personvernerklæring på nettsida www.Landsfestivalen.no

Lovval
Kjøpsvilkåra vert regulerte av norsk rett. Eventuelle tvistar skal handsamast ved norske domstolar.

Festivalcampingen

- Éin bestilt plass = éin bestemt oppmerkt plass (9 × 9 meter).
- Det er ikkje mogleg å bytte plass ved ankomst.
- Plassane skal nyttast slik det vert opplyst om ved ankomst.
- Arrangøren tek atterhald om at det kan skje endringar i plasseringane av campingplassane dersom noko uventa skulle skje.

Pris for plassar på festivalcampingen
Plass for bubil, campingvogn eller telt kr 2 700

Aldersgrense
Bestillaren av plass på festivalcampingen må ha fylt 18 år. Bestillaren er ansvarleg for at alle personar som er omfatta av bestillinga, følgjer kjøpsvilkåra og ordensreglane.
For bubil og campingvogn skal det vere minst éin person som har fylt 18 år knytt til kvar plass som har ansvar for køyretøyet.

Opningstid
Festivalcampingen opnar tysdag kl. 10.00 og stenger sundag kl. 16.00.

Parkering
Det er tillate med éin bil per campingplass.

Tryggleik

- Det skal vere minst 4 meter mellom campingeiningane, målt frå ytterpunkt til ytterpunkt. Fortelt, markiser, leveggar, terrassar og andre faste eller mellombelse konstruksjonar inngår i campingeininga.
- Det er berre tillate med éi hovudeining per plass: éin bubil, éi campingvogn eller eitt hovudtelt. Fortelt og markise som høyrer til bubilen eller campingvogna, vert rekna som del av den same campingeininga.
- Open eld og grilling er ikkje tillate.
- Sjekk at brannsløkkingsutstyr, gassvarslarar og røykvarslarar er i orden i bubil eller campingvogn før du kjem. (kontroll ved innsjekk eller ved stikkprøver).
- Straum: Deltakar pliktar å nytte godkjent utstyr, arrangøren tek ikkje ansvar for skade på utstyr som følgje av feil bruk eller overbelastning.

Fasilitetar

- Straum er tilgjengeleg på festivalcampingen og inkludert i prisen.
- Vatn, dusj og toalett er tilgjengeleg på festivalcampingen.

Eigen teltplass nær arenaen

- Éin bestilt plass = éin bestemt oppmerkt plass.
- Plassane skal nyttast slik det vert opplyst om ved ankomst.
- Vanlege telt og familietelt er tillatne.
- Teltet, inkludert integrert fortelt, baldakin eller anna overbygg, kan ha eit grunnareal på maksimalt 20 m². Største lengd eller breidd kan ikkje overstige 5 meter.
- Telt som er større enn dei oppgitte måla, kan berre setjast opp etter skriftleg avtale med arrangøren.
- Arrangøren tek atterhald om at det kan skje endringar i plasseringane av teltplassane dersom noko uventa skulle skje.

Pris for plassar på teltplass
Plass for telt på eigen teltplass kr 1 200
Alle telt plassane er veldig tett på arenaen.
Det er dusjfasilitetar tilgjengeleg tett på teltplassane.

Opningstid
Teltplassen opnar tysdag kl. 10.00 og stenger sundag kl. 16.00.

Parkering
Det vert felles parkering på tilvist område i umiddelbar nærleik til teltplassen. Bilar kan ikkje parkerast ved telta. Kvar bestilte teltplass gir rett til parkering av éin bil på fellesparkeringa ved teltplassen.

Tryggleik

- Avstanden mellom einingane skal vere minst 4 meter, målt frå den ytste delen av teltet eller eit tilhøyrande overbygg til den ytste delen av naboteltet. Det er ikkje lov med fleire bueiningar per plass.
- Open eld og grilling er ikkje tillate.

Fasilitetar

- Vatn, dusj og toalett vil vere tilgjengelege på arenaen og/eller festivalcampingen.

KLASSEROMSOVERNATTING
Overnatting skjer på barne- og ungdomsskulen som er tett ved arenaen.

- Klasseromma er opne frå tysdag til sundag under arrangementet.
- Éin billett = éin plass.
- Tidsrom for innsjekk og utsjekk vert opplyst på Landsfestivalen.no før arrangementet.
- Overnatting skjer på golvet i delte klasserom. Gjesten må sjølv ta med madrass eller liggjeunderlag, sovepose, pute og anna nødvendig utstyr.

Pris for overnatting i klasserom
Over 12 år: kr 1 000
6–12 år: kr 500
Under 6 år: gratis

Born og ansvar
For born under 12 år skal det vere minst éin ansvarleg vaksen per fem born. Den vaksne må vere registrert på same bestilling og ha ansvar for borna under opphaldet.

Ordensreglar for klasserom

- Det skal vere ro i klasseromma etter kl. 23.00.
- Berre personar med gyldig klasseromsbillett kan opphalde seg i klasseromma etter kl. 23.00 på grunn av brannreglar og sikkerheit.
- Røyking og open eld er ikkje tillate.

Kontaktperson overnatting:

Bård-Vegard Bjørhusdal
Tlf. 982 97 632
E-post: bard-vegard@landsfestivalen.no

Kontaktinformasjon til leiar av Landsfestivalen 2027:

Anders Næss
Tlf. 915 88 598
E-post: anders@landsfestivalen.no

www.landsfestivalen.no